

# Årsmelding 2022 Birtedalen sti- og løypelag



Gjennom året har vi hatt 2 styremøte samt litt kommunikasjon på epost. Årsmøte blei halde 26.03 på Kvipt Gjestegard med 26 frammøtte. Konstituering av styret blei gjort på styremøte 13.06.22

Saker gjennom året har vore:

- Birtevatn rundt – entreprenør starta på stien etter brua i februar. Avslutta etter ca 1 km. Då var det pussa opp lang kantar og toppdekket var det som mangla. To siders oppslag i Vest-Telemark Blad 5.april
- Møte med Fyresdal skiskytterlag om spelemiddelsøknad – dette endte diverre opp i eit nei frå deira side.
- Forespørsel frå Faun AS om vi ville vere deltakar i nytt selskap under stiftelse, skileik- og badeanlegg i Solliåsen. Vi takka nei.

Søknader som er sendt gjennom året:

- Sparebanken Sør, turstimidlar - avslag
- Sparebanken Sør – avslag
- Birtedalen Fiskelag – innvilga 300 000,-
- Fyresdal kommune – innvilga 400 000,-
- Olav Thon Stiftelsen - avslag
- Fyresdal kommune - Støtte til løypekøyning – 35 157,50
- Lotteri og stiftelsestilsynet - momsrefusjon

Arrangement:

- Skileikedag, for 4.gong, i år ved Skileikeanlegget i Solliåsen, 16.04 påskeeftagen. 78 deltakarar. Heilside i Vest-Telemark Blad 22.april.
- Turar – takk for god tilrettelegging og gjennomføring av turledarane.
  - Vandretur til hola til Patte Margit v/ Hans Kristian Sølyst – 17 stk var med
  - Vandretur opp Fisketjønnskar til Smylemoen og gapahuken v/ Thorstein Wøllestad - 5 stk var med
  - Vandretur til Krokstøyl – Jåmsfjell for nokon og heimatt for nokon v/ Geir Tovslid – 12 stk var med
- Basar – mykje folk og bra resultat
- Fiskekonkurransse med 29 fiskerar
- Brudans med bra oppmøte og god stemning
- Dugnadsarbeid 14.mai og 6.august – 175 timar
  - Lita bru over myr Deildebergmyra, Midtjønnvadet, tømmerrydding, bord/benk Birtesanden
  - Båtopptrekk, Griddalen rør, kantslått Osen, rydding trase, låga bru utafor Bjorhustjønn, måla plakatstativ

Siste løypekøyning var 16 april, innhenting av løypestikker 18.april!  
Sesongen starta att 3. desember.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde 14.02.22 - 2102 likarar, og 24.02.23 – 2183 .

Grasrotmottakar, Norsk tipping. 31.12.21 hadde vi 143 og 31.12.22 var der 149 gjevarar.